



Guddalsdalen elveigarlag

v/ Lars B Sæberg, 5464 Dimmelsvik

tlf 53 48 18 60 971 29 055

Til Fiskeri og kystdepartementet Frå Guddalsdalen elveigarlag, Kvinnherad

UTTALE TIL "FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN"

Dei største problema villfiskstammene i Hardangerfjorden har, er knytt til dei store mengdene med oppdrettsfisk som til ei kvar tid står i fjorden. Alt i 2004 peika forskarar ved HI på at lakselus og rømt oppdrettsfisk var dei to store truslane mot villfisken. Dette har ikkje blitt betre dei siste åra.

Vi er glade for at det no kjem særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Det er på høg tid at einkvan tok tak i denne viktige saka.

Vi har likevel eit ynskje om at forskrifta skulle vore strengare på fleire punkt, og at krava skulle vore meir konkrete og lettare målbare.

1. Biomassetaket på 50.000 MBT er for høgt. Frå høyringsbrevet veit vi at biomassen hittil på det meste har vore om lag 48.000 MBT, så dette betyr ein auke. Forskarane tilrår ein reduksjon, og vi bed om at taket vert sett til 30.000 MBT.
2. Det må koma strengare mottiltak mot lakselus. Metodane for måling er heller ikkje gode nok, i periodar der det er lagt fram låge luseteljngstal ser vi stor prematur tilbakevending, og mykje luseskadd fisk. Målbart effektive tiltak på dette punktet er heilt naudsynt, og vil slå positivt ut også på kort sikt. Vi bed om at minimum dei tiltak som FD gjer framlegg om i oversendingsbrevet vert tekne inn i forskrifta.
3. Talet på rømt oppdrettsfisk er ute av kontroll. Forskrifta må innhalde konkrete tiltak og kvantifiserbare mål for kva som skal gjerast. Fisken må merkjast, slik at vi kan få gjennomført prinsippet om at forurenar skal betale, eit prinsipp gjeld på alle andre område.
4. Det må straks innførast næringsstoffrekneskap for oppdrettsanlegga etter mønster frå landbruket. Det vil visa kor mykje næringsstoff som vert tilført fjorden som forurensing.
5. Det må koma på plass eit organ for forvaltning av fjorden, som saman med dei ulike interessegruppene, kan få iverksett tiltaka, og har høve til å ileggje sanksjonar.